

Straff for brot på bestemmelser i helsepersonellova

Helsepersonell som til dømes gir uforsvarleg helsehjelp, eller som har brote andre bestemmelser i helsepersonellova, kan forfølgjast strafferettsleg dersom dei har gjort alvorlege brot på helsepersonellova.

I helsepersonellova § 67 heiter det:
Den som forsettlig eller grovt uaktsomt overtrer eller medvirker til overtredelse av bestemmelser i loven eller i medhold av den, straffes med bøter eller fengsel i inntil tre måneder.

Offentlig påtale finner sted hvis allmenne hensyn krever det eller etter begjæring fra Statens helsetilsyn.

Verksemder, til dømes sjukehus eller den kommunale helsetenesta, kan også straffast, jf. straffelova § 48a.

I straffelova § 48a heiter det:
Når et straffebud er overtrådt av noen som har handlet på vegne av et foretak, kan foretaket straffes. Dette gjelder selv om ingen enkeltperson kan straffes for overtredelsen.

Dette inneberer til dømes at eit sjukehus, representert ved direktøren, kan bli straffa dersom ein pasient har blitt skada under ei behandling.

Det er politi og påtalemakta som står for den strafferettslege forfølginga, men Statens helsetilsyn er tillagt kompetanse til å krevje påtale ved brot på helsepersonellova.

Statens helsetilsyn krev sjeldan påtale for brot på kravet om forsvarleg helsehjelp. I praksis skal det liggje føre betydeleg svikt før det blir vurdert som grovt aktaust. Dei fleste sakene der det blir kravd påtale, endar med at helsepersonellet får eit førelegg.

Vilkår for å krevje påtale mot helsepersonell
Føresetnaden for at Statens helsetilsyn kan fremje krav om påtale mot helsepersonell ved brot på helsepersonellova, er at helsepersonellet har handla forsettleg eller grovt aktaust.

Vanleg aktløyse er ikkje nok. Lovgivar har meint at det berre er «kvalifisert klanderverdige handlingar» som skal kunne føre til straff. Helsepersonellet må difor vere svært mykje å bebreide før dei kan straffast for brot på helsepersonellova. Helsepersonell som til dagleg må ta vanskelege avgjerder med store og alvorlege konsekvensar dersom dei vurderer feil, skal ikkje risikere straffansvar ved kvar feilvurdering. Riksadvokaten har uttala at terskelen for å bruke straff ved uhell under pasientbehandling er høg, og at det er dei «markante avvik fra forsvarlig virksomhet» ein bør reagere mot*. Dersom helsepersonell handlar uforsvarleg utan at ein kan karakterisere det som grovt uforsvarleg, legg lova opp til at Statens helsetilsyn kan nytte åtvaring, jf. helsepersonellova § 56.

I kva saker blir det kravd påtale?

Felles for mange av sakene er at den uforsvarlege hendinga enda med at pasienten døydde. Dødeleg utgang er likevel ikkje eit vilkår for å krevje påtale. I fleire av sakene der Statens helsetilsyn meinte at helsepersonellet handla grovt aktaust, hadde helsepersonellet svikta fagleg på fleire måtar. Eitt eksempel på dette er ei sak der ein sjukepleiar hadde gitt feil medisiner og prøvde å skjule dette, og forsøkte å rette opp feilen ved å gi pasienten eit anna legemiddel utan at lege hadde rekvirert det. Sjukepleiaren hadde på tre måtar handla klanderverdig, og samla ser ein dette som grovt uforsvarleg. Dette er årsaka til at Statens helsetilsyn kravde påtale.

Også enkeltstående svært grove feil har ført til krav om påtale. For å illustrere dette kan vi vise til ei sak der ein sjukepleiar utan legerekvirering starta risikabel medisineringsom i tillegg ikkje var relevant. Her blei den enkeltstående handlinga sedd på som så grov at ho førte til at Statens helsetilsyn kravde påtale.

Kor ofte blir det kravd påtale?

Statens helsetilsyn har i 2009 gått gjennom alle våre krav om påtale i perioden frå februar 2002 til oktober 2008. Det vi fann i forbindelse med dette arbeidet vil bli publisert.

* Rundskriv frå Riksadvokaten nr 5/2001

«... det er dei
«markante
avvik fra
forsvarlig
virksomhet»
ein bør
reagere
mot»

